



Øverst på eggen rett bak Andreas overnatta campdeltakarane natt til fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Interessa for Ulvanåso som klatre-arena aukar for kvart år, ikkje minst i Bergensmiljøet. Men no er også lokale deltakarar engasjert. Under klatrecampen til DNT Fjellsport Bergen denne veka har to som har vakse opp under den mektige fjellveggen vore deltakarar. Andreas Kristoffersen var med heile veka medan Sigmund Myklebust var med ein dag.



Deltakarane og instruktørane samla i campen nedunder Fjellandsbø laurdag kveld. Dei kjem frå så å seia heile Noreg - og to andre land.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

Sigmund bur her fast og Andreas skal flytta heim frå Bergen på seinsommaren med sambuar og eitt born. Han har vore i Nordsjøen i åtte år og held fram med boring der, men håpar at det blir meir tid til friluftsliv på heimebane heretter. Og då vil klatringa tydelegvis klatra stadig høgare på prioritetslista til 28-åringen.

- Eg er førebels ikkje i god form, det går mykje på erfaring, seier uskedelingen.

Etter campen på heimebane er han raus med rosen både til vergudane og tilskiparane i Bergen.

- Det har vore ei utruleg interessant veke, seier Andreas, som har gått så intenst inn for saka at han nesten ikkje har besøkt heimen på Musland. Han har berre såvidt vore innom for å henta utstyr og har lege i telt i campen innunder Fjellandsbø - eller oppe i fjellet.

Ni deltakarar i campen har fått opplæring av tre instruktørar og tre hjelpeinstruktørar. Sjølv om deltakarkvota vart auka frå seks til ni vart fire likevel ståande att på venteliste - det seier sitt om interessa.

Det starta tysdag med sportsklatring i Åsaredalen der eit nytt sportsfelt vart laga i pinsen. Der fekk deltakarane det ein kan kalla grunnleggjande opplæring.

Men onsdag vart det alvor i sjølve Nåso, nærare bestemt i veggen rett opp for Flato mellom Øvre og Nedre Musland. Der klatra gjengen tre taulengder - det vil seia 180 meter - for deretter å rappellera ned att.

Torsdag gjekk dei opp Kolkjeredalen og overnatta på toppen av ryggen mot Geitadalen der det utruleg nok er ei fin gras-slette 850 meter over havet.

Fredag stod traversering av eggen mellom Kolkjeredalen og Geitadalen på programmet og det førde dei direkte opp på Høgetind som er det høgaste punktet på Ulvanåso med sine 1247 meter over havet.

Fredag gjekk turen ned att via Geitadalstind. Då trena dei eigensikring og kameratredning.

- Eg har gått på brekurs, men ikkje trent så mykje i slett fjell som denne veka, seier Andreas, som er svært glad for at interessa for Uskedalen som klatre-eldorado aukar. Det vil bli halde fleire kurs framover.

Av Ola Matti Mathisen